



Teknisk drift

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1961 - 16/14034

Saksbehandlar:
Lisbeth Toppe Alvær
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:
08.11.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - klatrestativ Sæbø skule (anleggsnr 1260000308)

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning datert 27. oktober 2016 for klatreanlegg i uteområdet ved Sæbø skule.

Klatrestativ som er dimensjonerte for born og unge 6-19 år er anleggstypar som har rett til tilskot. Klatrestativa som er vald ved Sæbø skule er dimensjonerte for 3 år+, men me vurderer det slik at dei også vil vera dimensjonerte for born i barneskulealder og såleis kjem inn under dei anleggstypane som har rett på tilskot. Husker fell utanfor dei anleggstypane som har rett til tilskot, og det vert difor ikkje gjeve førehandsgodkjenning for denne.

Det vert gjeve godkjenning for klatrepyramiden og klatreborga. med følgjande merknader:

- Anlegget er ikkje omtalt i *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026* for Radøy kommune. Då anlegget er eit nærmiljøanlegg som er kostnadsrekna til mindre enn 600 000 er dette ikkje eit krav.
- Alle kostnader som gjeld edderkoppdissa må trekkjast ut av kostnadsoverslaget ved søknad om spelemidlar.
- Det kan gjevast inntil 50 % tilskot til nærmiljøanlegg gjennom spelemiddelordninga til godkjende kostnader for anlegg som har rett på spelemidlar. Me legg til grunn at det i finansieringa er tenkt 50 % spelemidlar og 50 % eigenfinansiering.

Eitt sett med planer følgjer i retur med godkjenningsstempel. Skulle planane for anlegget verta endra, må nye oppdaterte planar sendast inn for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal liggja føre før byggearbeida vert sett i gang, men gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Lisbeth Toppe Alvær
kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
20161110153033

Mottakarar:
Teknisk drift